



Bjarne Olsvold og Anita Knapskog kjem til Festidalen for å gå toppturar, dag etter dag.

Bjarne Olsvold og Anita Knapskog kjem frå Bergen til Uskedalen og Festidalen for å gå toppturar, dag etter dag. I går var det Geitadalstind. I dag kl. 10 var Bjarne og Anita klar for ny tur, til Englafjell. Systrene Mari og Marta Teigen Varanes er turleiarar på turen i dag som går over Såto mot toppen av Englafjell.

Uskedalen.no møtte turfylgje på Elins Matgleder før avgang. Alle var godt utstyrt i regnveret. Deltakarane kom frå Tysnes, Stord og Bergen. Ingen hadde vore på det 1200 meter høge Englafjell før.

Turen går som sagt frå Nedre Fet over Hjarterklett til Såto før ein startar oppstiginga over tregrensa til toppen. Frå Englafjell har ein truleg den beste utsikten over fjell, fjord, fonn og hav av alle fjella i Kvinnherad. Grunnen er at fjellet ligg langt ut mot kysten og ikkje noko stengjer for sikten frå Boknafjorden i sør til Mongstad i nord.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Turfylgje som no er på veg til Englafjell. F. venstre: Sigurd Hansen (Tysnes), Marta og Mari T. Varanes (turleiarar), Laila Thovsen Sagenes (Stord), Bjarne Olsvold og Anita Knapskog (Bergen).